



Bygg & Mur Teknikk AS
Mats Granberg
Mjåtveitflaten 38B
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/417 - 14/1209

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
10.02.2014

Løyve til tiltak på gnr 23/86 - Tilbygg til bolig

Saka gjeld:

Ved søknad stempla motteke 20.12.2013 har Freka Invest AS, representert ved ansvarleg søkjar Bygg & Mur Teknikk AS, søkt om løyve til oppføring av tilbygg på 26,5m² (car-port) til bustad med 2 bueingar på gnr 23 bnr 86 i Meland kommune, jf plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1- og 20-2.

Det er vidare innsendt separat søknad om løyve til oppføring av frittliggande garasje til den andre bueinga på eigedomen, sak 14/441 . Søknadane er vurdert samla i høve til grad av utnytting.

Plangrunnlag:

Eigedomen er i reguleringsplan for 'Elvaåsen gnr 23 bnr 1 m.fl.' regulert til bustadføremål, område BK21. Omsøkt tiltak er i samsvar med planføremålet.

Nabotilhøve og andre sine kommentarar

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

Utnyttingsgrad, plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på vedlagte situasjonskart stempla motteke 20.12.2013 og oppførast i samsvar med vedlagte teikningar motteke same dato. Administrasjonen vurderer at omsøkt tiltak med dette stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-3.

Tiltaket er elles i samsvar med gjeldande krav til plassering, høgde og avstand frå naboeigedommar og omliggjande byggverk, jf pbl § 29-4 tredje ledd, bokstav b.

Reguleringsplanen opnar for ein utnytting av tomta på inntil 30 % BYA. Det omsøkte tiltaket held seg innanfor dette kravet, med ein utnyttingsgrad på om lag 27,7 %. Dette er medrekna areal til oppføring av garasje som omsøkt i sak .

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-2 løyve til oppføring av tilbygg til bustad med 2 bueiningar på gbnr 23/86, jf søknad stempla motteke 20.12.2013.

Plasseringa skal vere som vist på vedlagte situasjonskart stempla motteke 20.12.2013, med eit toleransekrav i horisontalt plan på +/- 50cm. Minstegrensa på 4m til nabogrenser er likevel absolutt. I høve til utforminga av tiltaket ver vist til vurderinga over og vedlagte teikningar stempla motteke 20.12.2013, med eit toleransekrav i vertikalt plan på +/- 20cm.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle register for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Ansvar og kontroll

Godkjenning av ansvarsrettar:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Bygg & Mur Teknikk AS Organisasjonsnummer 998502640	S	SØK (tkl 1) PRO, tømrararbeid (tkl 1) UTF, tømrararbeid (tkl 1)

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan – og bygningslova, så langt ikkje anna er bestemt ovanfor.

Gebyr for handsaming følger vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Vedtaket kan påklagast i etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Kopi til:

Freka Invest AS

Havnevegen 3

5918

FREKHAUG